



Ekteskapserklæring

Eit verdidokument om
ekteskapet, barnet og Bibelen
i møte med den kjønnsnøytrale ideologien

Bakgrunnen for denne erklæringa

- *Er ekteskapet Guds skaparordning for mann og kvinne?*
- *Har barn rett til å kjenna si eiga mor og sin eigen far?*
- *Er homofilt samliv i pakt med Guds vilje?*
- *Bør kristne kyrkjelydar tilpassa seg den kjønnsnøytrale ideologien?*
 - **DEBATT.** Den kyrkjelege debatten om samliv, homofili og ekteskap har dei siste åra vore intens. Etter at Stortinget i 2008 vedtok ei kjønnsnøytral ekteskapslov, har frontane på den kyrkjelege arenaen blitt stadig tydelegare. Til no har debatten for det meste skjedd i Den norske kyrkja, men på sikt vil tematikken truleg bli like aktuell i mange andre kyrkjefamfunn og kristne organisasjonar.
 - **NESTEKJÆRLEIK.** Som kristne er vi kalla til å elska medmenneska våre i ord, haldningar og handlingar. Uansett kva desse står for, blir vi oppmoda til å vera venlege og saklege i måten vi møter dei på. Dette gjeld sjølvst og menneske som har ein annan ståstad enn oss i samlivsetikken. Nokre av oss treng kanskje å ta eit oppgjør med seg sjølv i denne samanhengen, og be Gud og menneske om tilgjeving. Alle treng vi å be Herren om å gje oss meir av sin kjærleik.

- **IDEOLOGI.** Ofte blir spørsmålet om likekjønna ekteskap framstilt som ein kamp *for* eller *mot* homofilt samliv. Ei slik framstilling er for snever. Likekjønna ekteskap er nemleg berre éin del av ein omfattande, kjønnsnøytral ideologi. Dersom kyrkjer og kyrkjelydar tilpassar seg denne ideologien og omdefinierer ekteskapet, vil det endra heile teologien deira om kjønn og seksualitet, foreldreskap og barn, ekteskap og familie.

- **UNYANSERT.** Trass i at kristen samlivsetikk handlar om mange ulike spørsmål, er det homofilt samliv som har fått mest all merksemd dei siste åra. Her er det viktig å vera klar over at menneske med homofile kjensler ikkje er ei einsarta gruppe.

Nokre kjempar aktivt for å fremja ein homopolitisk agenda i samfunnet og er ikkje kristne. Nokre er kristne og jobbar for å endra den bibelske ekteskapsteologien. Andre gjer det ikkje. Andre igjen lever som einslege fordi dei har valt å følgja Bibelens samlivsetikk, men dei har ikkje noko ønske om å stå offentleg fram med si dragning til same kjønn. Med andre ord: Å snakka om «dei homofile» som ei einsarta gruppe er altfor unyansert.

- **TOLERANSE.** Noreg er eit pluralistisk samfunn, der folk med ulik etikk og overtyding lever side om side. Kvar einiskild har fridom til å leva slik dei vil innanfor ramma av norsk lov. Eit demokratisk samfunn vil kunna vedta lover og ordningar for samliv som vi ikkje kan gå god for. Som kristne må vi tolerera at ikkje alle – heller ikkje staten – er einige med oss i etiske spørsmål. Men eit demokrati må sikra mindretalet sin rett til å kunna hevda si overtyding, basert på godt grunngeve standpunkt, utan å bli møtt med fordøming, utstøying og straffereaksjonar. Det handlar om toleranse begge vegar.

Formålet med denne ekteskapserklæringa er å forklara og grunnge utfordringane frå den kjønnsnøytrale ideologien, og å gje støtte til ei bibelsk forståing, rettleiing og forkyning.



1 Jesus Kristus er vårt førebilete og vår autoritet

Kristne er kalla til å møta alle menneske med nestekjærleik, og med Guds nåde og sanning.

- **SKAPT OG ELSKA.** Ifølgje Bibelen er alle menneske skapte i Guds bilete, elska av han og med eit ibuande og uutsletteleg menneskeverd. Samstundes er vi alle syndarar. Vi er i same båt, med same behov for Guds nåde, tilgjeving og frelse. Som kristne har kvar einskild av oss utfordringar på ulike livsområde i høve til Guds vilje. Det faktum at vi alle kjem til kort overfor Guds bod, må møtast med evangeliet om Hans tilgjeving, og ikkje med ei nedskrivning av Bibelens bod.
- **NESTEKJÆRLEIK.** Jesus kallar og inspirerer oss til å visa nestekjærleik overfor alle menneske – i ord, haldningar og handlingar. Dette gjeld også i møte med menneske som har homofile og bifile kjensler, transseksuelle personar m.m. Å ha Jesus som førebilete betyr at vi viser kristen nestekjærleik og varme, samstundes som vi held fast på Guds skaparvilje og bod. Å tilpassa seg krav og ideologiar som bryt med Bibelens etikk, er ikkje eit uttrykk for kristen nestekjærleik.
- **NÅDE OG SANNING.** Orda «nåde og sanning» fortel oss på ein god måte korleis Gud møter oss, og kva ei kristen haldning i møte med andre menneske er. Sjå Joh 1,14.18. Paulus uttrykkjer det same med oppmodinga om å vera «trufaste mot sanninga i kjærleik», Ef 4,15.

Overfor ei kvinne som hadde brote Guds bod, viser Jesus ei slik haldning i praksis: «Så dømmar ikkje eg deg heller. Gå bort og synd ikkje meir!» Joh 8,2-11.

- **KJÆRLEIK TIL BARN.** Jesus utfordrar oss på ein radikal måte når han gjev barna ei særleg rolle og plass i Guds rike. Sjå f. eks. Matt 18,1-5. Ein teologi som svekkjer relasjonen mellom mor, far og barn, bryt med Jesu djupe respekt og kjærleik overfor barn. Verken mor eller far er overflødig i eit barns liv. Barneperspektivet må difor ha ein sentral plass i kristen samlivsteologi.
- **«FØLG MEG!»** I møte med ulike menneske stadfestar Jesus deira menneskeverd, tilgjev syndene deira og utfordrar dei til eit nytt liv i etterfølging av Han. «Følg meg!» seier han ved mange høve. Jesus rosar dei som «kjem til meg og høyrer orda mine og gjer det dei seier». Sjå Luk 6,46-49.
- **IDEALET.** Jesu liv og haldningar inspirerer, utfordrar og korrigerer. Som kristne må vi be Gud og medmenneske om tilgjeving og nye høve når vi mislukkast i å leva opp til førebiletet som Jesus gjev oss. Hans eksempel motiverer oss til å elska Gud av heile vårt hjarta, og vår neste som oss sjølve, Mark 12,28-31.

2 Vi er forplikta på Bibelen si lære om ekteskapet

Ekteskapet er Guds skapar-ordning for éin mann og éi kvinne, innstifta av Gud og stadfesta av Kristus.

- **EINTYDIG BODSKAP.** Heilt frå skapingsforteljinga og dei 10 boda («Du skal heidra far din og mor di») og til Jesu bodskap og apostlane si lære er Bibelen eintydig: Ekteskapet består av mann og kvinne. Jesus seier det slik:

«Har de ikkje lese at Skaparen frå opphavet skapte dei som mann og kvinne og sa: «Difor skal mannen forlata far og mor og halda fast ved kvinna si, og dei to skal vera éin kropp.» Så er dei ikkje lenger to; dei er éin kropp. Og det som Gud har bunde saman, det skal ikkje menneske skilja.» Matt 19,4-6.

- **BODA OG KJÆRLEIKEN.** I debatten om kristen samlivsetikk blir Guds bod og ordningar ofte framstilte som ein motsetnad til «kjærleiken». Ein brukar omgrepet «kjærleik» for å setja bibelske enkeltbod ut av kraft. Dette er ikkje bibelsk, for alle Guds bod er uttrykk for Hans kjærleik. Jesus seier: «Held de boda mine, er de i min kjærleik, slik eg har halde boda til Far min og er i hans kjærleik.» Joh 15,10.

Tilhøvet mellom kjærleiken og Guds bod blir skildra på denne måten av apostelen Johannes: «På dette kjenner vi at vi elsker Guds born: at vi elsker Gud og held hans bod.» 1 Joh 5,2.

- **SEKSUELT SAMLIV.** Guds vilje er god, og ekteskapet mellom éin mann og éi kvinne er Guds gode ordning for seksuelt samliv. For å verna denne relasjonen gjev Bibelen mange åtvaringar mot seksuell synd mellom mann og kvinne. Meir enn 30 gonger blir for eksempel hor, altså seksuelle

relasjonar før og utanfor ekteskapet, omtala som synd i Det nye testamentet.

Når det gjeld seksuelle forhold mellom to av same kjønn, seier Bibelen blant anna at kvinner «*bytte ut det naturlege samlivet med det som er imot naturen*», og at «*menn dreiv utukt med menn*», Rom 1,25-27. Ifølgje Bibelens samstemte undervisning bryt homoseksuell åtferd med Guds bod og vilje. Sjå også 1 Kor 6,9-11 og 1 Tim 1,8-11.

- **DJUPARELIGGJANDE ÅRSAKER.** Når kyrkjesamfunn og forsamlingar meiner at dei har mandat til å omdefinera ekteskapet i strid med Bibelens eintydige bodskap, er dette ofte eit resultat av djupareliggjande årsaker. Det kan handla om grunnleggjande tema som bibelsyn, autoriteten til apostlane og Jesus, evangelieforståinga, frelseslæra, teologien om synd og nåde, openberingsteologien og kyrkjeforståinga.

3 Vi deler den felleskristne teologien om ekteskapet

Gjennom heile kyrkjias historie har kvinne og mann vore den konstante faktoren i ekteskapet.

- **GLOBALT.** Fram til vår tid har alle kristne kyrkjesamfunn hatt den same forståinga av ekteskapet. Det er ein institusjon for kvinne og mann, innstifta av Gud frå skapinga av. Ekteskapet er ikkje ein sosial konstruksjon, ei menneskeleg oppfinning. Det er tvert imot ein før-statleg institusjon som verken poli-

tikarar eller kyrkjeleiarar har definisjonsretten over.

Det er berre dei skandinaviske folkekyrkjene og nokre få kyrkjer i Europa og Nord-Amerika som dei siste åra har endra ekteskapsteologien sin. Rundt to prosent av dei kristne i verda er medlemmer av desse kyrkjesamfunna. 98 prosent tilhøyrer kyrkjer som held fast på den klassiske forståinga av ekteskapet. (Kjelde: *Vårt Land*, 13.11.2015.)

- **NASJONALT.** Endringane i samlivsteologien til Den norske kyrkja har skjedd raskt. Ei 30 siders

samlivsutgreiing som tre biskopar skreiv i 1997, konkluderte slik: «*Å sidestilla heterofilt ekteskap med homofilt samliv er i strid med grunnleggjande etiske prinsipp i Bibelen og må sjåast på som kyrkjespiltande vranglære.*» I 2005 uttalte eit samrøysta bispemøte at ekteskapet er for éin mann og éi kvinne. I 2006 og 2007 sa eit overveldande fleirtal i Kyrkjemøtet og i Lærenemnda i Den norske kyrkja det same. Store delar av leiarskapet i Den norske kyrkja har no forlate denne forståinga av ekteskapet, trass i at ingen har presentert ny og overtydande innsikt ut frå Bibelen.

4 Relasjonen mellom mor, far og barn er unik

Alle menneske har opphavet sitt i éi mor og éin far. Blodsband og biologisk slektskap er av grunnleggjande verdi for enkeltmenneske og for samfunnet.

● **GRUNNCELLA.** Ekteskapet har alltid vore uløyseleg knytt saman med forplanting og fødsel, barn og oppvekst. Relasjonen mellom kvinne og mann som har felles barn, har vore grunncella i samfunnet.

● **VERDIEN AV MOR OG FAR.** Ein familie med ei god mor og ein god far er det optimale utgangspunktet for oppveksten til barn. Som kvinne og mann er mor og far viktige identifikasjonspersonar, førebilete og rollemodellar i livet til barnet. I samspel med kvandrer og med barnet gjev mor og far kvart sitt unike bidrag i utviklinga av identiteten, personlegdomen og sjølvbiletet til barnet.

● **FNs BARNEKONVENSJON.** Så langt som det er mogleg og forsvarleg, bør dei biologiske foreldra også vera juridiske og sosiale foreldre. FNs Barnekonvensjon seier: «Barnet skal, så langt det er mogleg, ha rett til å kjenna foreldra sine og få omsorg frå dei. [...] Begge foreldra har eit felles ansvar for oppsedinga av og utviklinga til barnet». (Artikkel 7.1 og 18.1). I konvensjonen er biologisk mor og far den naturlege tolkinga av ordet «foreldre». Internasjonalt er dette den dominerande tolkinga. Det handlar dessutan om to foreldre («begge»), ikkje om éin eller fleire.



● **ADOPSJON.** Når barn er hamna i ein alvorleg nødssituasjon, vil adopsjon ofte vera den beste løysinga. Men kristne kyrkjer kan ikkje støtta ideologiar og ordningar som aktivt *skaper* situasjonar der dei grunnleggjande rettane til barn vert krenkte.

● **FAR OG «MEDMOR».** Som Guds folk er vi kalla til å «lyda Gud meir enn menneske», Apgj 5,29. Den kristne kyrkja kan ikkje tilpassa seg ein ideologi som reduserer far til ei «sædcelle» eller ein «donor». Kyrkja må i staden protestera og minna politikarane om at Barneloven §4a byggjer på ei usanning når den erklærer at barn som har fått ei «medmor», ikkje har

far: «Eit barn kan ikkje ha både ein far og ei medmor.» Staten si legitimering av planlagt farløyse (og morløyse) er i strid både med rettane til barn og med Guds skaparvilje.

● **ALLE BARN ER ELSKA AV GUD.** Uansett korleis eit barn er blitt unnfanga, og uavhengig av familiesituasjonen, er barnet dyrebart og verdifullt og elska av Gud. Som kristne ønskjer vi å møta *alle* barn med kjærleik og respekt.

● **FUNDAMENTALE SANNINGAR.** Kyrkjer og kyrkjelydar som innfører likekjønna ekteskap, oppløyser forståinga av kjønn, ikkje berre i parrelasjonen, men også i familien. To mammaer eller to pappaer blir uunngeleg ein naturleg del av desse kyrkjene si lære om familien. Mor-far-barn-relasjonen får ikkje lenger stå i noka særstilling, men blir berre éin av fleire sidestilte familievariantar.

Den kjønnsnøytrale ideologien utfordrar fundamentale sanningar om mennesket og Guds skaparvilje. Det handlar blant anna om :

- Forståinga av kjønn
- Meininga med og rammene for seksualiteten
- Læra om kvinne og mann, mor og far
- Forplanting og foreldreskap
- Mor-far-barn-relasjonen sin unike verdi
- Retten barn har til å kjenna det biologiske opphavet sitt
- Familieforståinga
- Verdien av slekt og biologiske relasjonar
- Definisjonen og særpreget til ekteskapet

5 Det er ikkje diskriminerande å hevda at ekteskapet er for mann og kvinne

Å skilja mellom einkjønnen og tokjønnen samliv er ei sakleg og godt grunngeven differensiering. Det betyr at ein tek biologien, barnet, FN's Barnekonvensjon og Bibelen på alvor.

● **GRUNNLEGGJANDE FORSKJELLAR.** Samlivet mellom kvinne og mann, og samlivet mellom to av same kjønn er grunnleggjande forskjellig når det gjeld høvet til å få barn. Det dreier seg om to ulike biologiske forhold.

Å handsama forskjellige forhold ulikt skjer på alle samfunnsområde. Det dreier seg ikkje om diskrimi-

nering, men om sakleg og godt grunngeven forskjellsbehandling. Idrett er eit illustrerande eksempel: Det er ingen som snakkar om «diskriminering» fordi menn ikkje får lov til å konkurrera mot kvinner.

Årsak: Utgangspunkt og føresetnader hos kvinner og menn er ulike. Det same er tilfellet når det gjeld tokjønnen og einkjønnen parforhold.

● **MENNESKERETTANE.** Den europeiske Menneskerettsdomstolen i Strasbourg har ved fleire høve dei siste åra erklært at det ikkje er diskriminerande å definera ekteskapet som eit samliv mellom kvinne og mann. I 2010 uttalte f.eks. domstolen: «Den europeiske Menneskerettskonvensjonen forpliktar ingen stat til å utvida retten til ekteskap til å omfatta par av same

kjønn.» I juni 2016 stadfesta domstolen i Strasbourg dette på nytt i ei tilsvarande, samrøysta domsavseiing (*Chapin and Charpentier v. France*). I FN's Menneskerettserklæring artikkel 16 er føresetnaden at ekteskapet er for mann og kvinne, og det blir erklært at «familien er den naturlege og grunnleggjande eininga i samfunnet».

● **BARNEPERSPEKTIVET AVSLØRER.** Ved å bruka barneperspektivet ser ein at det er den kjønnsnøytrale ideologien som i røynda fungerer diskriminerande. Det er *barna* som blir diskriminerte. Dei blir dessutan fråtekne grunnleggjande *rettar* og blir nekta *likestilling* samanlikna med andre barn, når ekteskapet blir gjort kjønnsnøytralt.

6 Moglege konsekvensar av den kjønnsnøytrale ideologien

Mange meiner at det er eit framsteg å omdefinera ekteskapet i sin grunnstruktur. Mykje tyder på at dette i staden vil skada enkeltmenneske, samfunnet og kyrkja.

● **SAMLIVSANARKI.** Eit viktig mål for den radikale samlivsideologien er å avskaffa hetero-norma (mann/kvinne-norma). I staden vil ein innføra

multi-norma, der dei fleste former for seksualitet og samliv blir definerte som sidestilte variantar. Resultatet blir eit samlivsanarki, der *inga* samlivsform står i noka særstilling: Hetero, homo, bi, poly, pan, trans osv – alt blir definert som like naturleg, normalt, rett og godt for barn, for vaksne og for samfunnet. Den tradisjonelle familieførståinga med mor, far og barn som grunnleggjande eining blir med dette radikalt svekka. Dei største taparane i dette samfunns-eksperimentet blir barna.

● **RETTE TIL Å FÅ BARN.** I den nye samlivsideologien blir barn ein rett for vaksne, medan barn misser retten til si eiga mor eller sin eigen far. Dei siste åra har det vakse fram ein internasjonal og kommersiell barnemarknad. Der handlar ein med sæd og egg, donorar og surrogatmødre. Som kristne kan vi ikkje setja godkjenningstempel på denne verksemda. Barn er ei gåve, ikkje ein rett eller ei handelsvare. Planlagt farløyse og morløyse bryt

med vår forståing av den gudgjevne retten barn har til å kjenna si eiga mor og sin eigen far, så langt det er mogleg og forsvarleg.

● **KREVJANDE FOR BARN OG UNGDOM.**

I mange norske skular blir barn i dag underviste i ei forståing av familie og samliv der kjønn er uvesentleg. Både direkte og indirekte blir det dessutan kommunisert at det er positivt og sunt å prøva ut forskjellige former for seksualitet, kjønnsuttrykk og kjønnsidentitetar. Den same budskapen vert formidla i mykje av ungdomskulturen i dag.

Den nye lova om endring av juridisk kjønn kan bli ei krevjande utfordring for mange barn og unge. I framtida vil einkvar stå fritt til å definera sitt kjønn ut frå kjensler, og ikkje biologi. Dersom denne kjønnsforståinga får innpass i skular og barnehagar, vil det sannsynlegvis føra til at stadig fleire barn og unge vil oppleva auka forvirring og uvisse omkring kjønn og seksualitet, relasjonar, identitet og sjølvbilette.

● **SAMVITSFRIDOMEN.** Dersom den kjønnsnøytrale ideologien blir stadig meir dominerande, kan den bli ein alvorleg trussel mot samvitsfridomen til

lærarar og andre som blir pålagde å formidla denne ideologien. Den same utfordringa gjeld foreldre som er skeptiske til den kjønnsnøytrale ideologien. Det er ikkje sjølvstøtt at dei vil møta respekt og toleranse dersom dei oppsøker barna sine i tråd med eiga overtyding når det gjeld ekteskap, familie og barn.

● **KONFLIKTAR.** Ein teologi som bryt med Bibelens lære om ekteskap, familie og barn, vil føra til samarbeidsproblem mellom ulike kyrkjesamfunn. Den kan også føra til interne splittingsar i kyrkjelydar, organisasjonar og kyrkjesamfunn.



Vår tru på den treeinige Gud forpliktar oss til å vedkjenna og forsvara Bibelens bodskap om ekteskap, familie og barn.

Vi seier:

- JA til Bibelen som kyrkja si forpliktande norm for tru og liv.
- JA til ekteskapet som Guds skaparordning for éin mann og éi kvinne.
- JA til mor-far-barn-relasjonen si særstilling og unike verdi.
- JA til den gudgjevne retten barn har til å kjenna si eiga mor og sin eigen far.
- JA til barneperspektivet i kyrkja sin teologi og praksis.

UTGJEVARAR

- Pinsebevegelsen i Norge • Normisjon • Norsk Luthersk Misjonssamband
- Den Evangelisk Lutherske Frikirke • De Frie Evangeliske Forsamlinger • Misjonskirken Norge
- Det Norske Baptistsamfunn • Det evangelisk-lutherske kirkesamfunn (DELK) • Indremisjonsforbundet
- Oslo katolske bispedømme • Trondheim stift/Den katolske kirke i Midt-Norge • Tromsø stift/Den katolske kirke i Nord-Norge
- NORME - Norsk Råd for Misjon og Evangelisering • Den Norske Israelmisjon • Evangelisk Luthersk Nettverk • OASE • Ungdom i Oppdrag
- Kvinner i Nettverk • Norges Kristelige Student- og Skoleungdomslag • Norges Samemisjon • Den indre Sjømannsmisjon • Asia Link
- Kristent Nettverk • Foursquare Norge • Doulos-nettverket • Den nordisk-katolske kirke • Kristen Muslimmisjon • Til Helhet
- For Bibel og Bekjennelse (FBB) • Barn og Foreldrerett • JesusKvinner • Operasjon Mobilisering • Nettverk for Menn
- Aglow International Norge • Den lutherske kirke i Norge • Frontiers Norden
- Det evangelisk-lutherske stift i Norge • Stiftelsen MorFarBarn

Desse 36 organisasjonane og kyrkjesamfunna står saman som utgjevarar av erklæringa. Stiftelsen MorFarBarn (www.morfarbarn.no) har koordinert prosjektet.

Kvar einskild medutgjevar støttar intensjonen og budskapet i denne erklæringa, men går ikkje nødvendigvis god for alle enkeltformuleringar i dokumentet.

Brosjyrar kan tingast ved å senda e-post til ekteskapserklaering@gmail.com eller SMS til 99 23 23 54. På www.morfarbarn.no finn du ei PDF-utgåve av brosjyren og meir info om prosjektet. Gåver til prosjektet og betaling for brosjyrar kan sendast til konto 3000.22.70028.